

# Sangen om Jesus

Einar Helgaas

**Aadd9 Aadd9/H Aadd9/C# Dadd9**  
Vi kjem frå mange sle- -kter

**E E/G# Aadd9**  
-har dyrka ulik jord

**Aadd9 Aadd9/H Aadd9/C# Dadd9**  
Frå kvar ein kant av landet

**E E/G# Aadd9**  
stig bøner til vår Bror

**E F#m7 11**  
Vi samlast mange stader

**Dadd9 F#m7 11/C#**  
men høyrer likevel

**E F#m7 11**  
Den same, styrkande songen

**Dadd9 H7 11**  
frå morgon og til kveld

**E**

**Vi syng songen om Jesus**

**F#m7 11 Dadd9**

**songen om Jesus**

Om same songen tonar  
vi høyrer ulik lyd  
Men alle tek vi del i  
ei felles tonefryd  
Vi syng i mange leie  
med alle typar røyst  
Men likevel kan vi synga  
den same song om trøyst

**Vi syng songen om Jesus**

**Songen om Jesus**

Vi er unge, gamle  
-ein flokk av store, små  
Men når vi fyller koret  
finn alle plass å stå  
Og i oss er ein rytme  
som gjev oss hjartefred  
For han som gjev liv til rytmen  
vil ha oss alle med

**Når vi stemmer i songen om Jesus**

---

**songen om Jesus**

Vi er saman mangfald  
i all slags fargedrakt  
Men regnbogen den stiller  
oss under Herrens pakt  
Vi sit på same fanget  
-han gjev oss gode ord  
Vår Fader ser til oss alle  
med kjærleik størst på jord

**Vi syng songen om Jesus  
songen om Jesus**

Vi vil alle tena  
den aller høgste Gud  
Han vigslar oss til prestar  
og gjev oss heilag skrud  
Vi skal få vera signing  
-eit kjærleiksbrev frå Han  
som kom åleine til verda  
til redning for kvar mann

**Vi syng songen om Jesus  
songen om Jesus**

Vi stod ei stund åleine  
på kvar vår vesle haug  
Men no står vi som sysken  
i Kristi arbeidslaug  
For alle er vi steinar  
i ein og same mur  
Han er eit vern mot det vonde  
for alle oss som trur

*E*

**Vi syng songen om Jesus**

*F#m7 11*

*D2*

**songen om Jesus**

*E*

**songen om Jesus**

*F#m7 11*

*G2 no3*

**songen om Jesus**

Ja vi syng songen saman  
Vi syng i samstemt kor  
Songen som bind saman  
himmel, hav og jord  
Vår Jesus vil vi hylla  
Vi elsker songen din

---

Sammen i lovsang **bergen** 2004

---

Du fyller alt i oss alle  
heilt inst i våre sinn

**E**

**Så vi syng songen om Jesus**

**F#m7 11**

**G2 no3**

**A2**

**songen om Jesus**

**H7 11**

**songen om Jesus**

**F#m7 11/C#**

**D2**

**songen om Jesus**

\*G2 tilsvarer Gadd9 no3